




# Planprogram

## Regionsenteret Husnes 2018



## Forord

Kjære kvinnhering!

Kvinnherad er eit unikt lokalsamfunn med levande bygder som alle har sitt særpreg. For ein kommune som vår er det likevel viktig å ha eit sterkt sentrum som kan vera motor for heile lokalsamfunnet, og som er staden der folk kan komma saman i mange ulike samanhengar. Som ordførar i Kvinnherad er det eit mål for meg at våre innbyggjarar skal ha tilgong til flest mogleg tilbod, tenester og opplevingar utan å måtta reisa ut av kommunen. I denne samanhengen er eit sterkt Husnes ein viktig del: Ved å utvikla Husnes som regionsenter kan Husnes vera staden der kvinnheringane vil komma saman og få tilgong til det vi treng for å leva eit godt liv i Kvinnherad. Livet er mangfaldig, og difor må sentrum vera mangfaldig. Mennesket er også mangfaldig, og skal Kvinnherad vera ein stad der alle kan trivast må sentrum gje rom for alle. Eg ynskjer eit Husnes som inneheld eit breitt utval av tenester, tilbod og opplevingar.

Dei offentlege tenestene har vi alle trong for i større eller mindre grad. Disse må vera tilgjengelege og ha høg kvalitet. Ein synleg offentleg sektor i Husnes sentrum er ein viktig del av regionsenteret.

Digitaliseringa kjem til å endra måten vi lever på. Den mellommenneskelege kontakten og våre behov for å treffast blir enno viktigare når mange av våre daglege gjeremål vert teken hand om av digitale løysingar. Dette vil også gje meir rom for sosialt liv og opplevingar i kvardagen. Husnes skal vera staden som tilbyr arenaer for dette. For å skapa eit attraktivt sentrum treng vi møtestader, restaurantar og kafear, kulturtilbod og aktivitetar for både små og store. For å få til dette trengs eit tett samarbeid mellom kommunen og næringslivet, men ikkje minst også med innbyggjarane som vi er avhengige av at brukar tilboda vi ynskjer å etablere.

Skal Husnes vera regionsenteret som rommar alt dette, må vi syta for at sentrum er triveleg og tiltalende å opphalda seg i. Eg er difor svært nøgd med at vi no er i gong med eit omfattande estetisk løft for Husnes sentrum. «Hovudgata» Opsangervegen vert ny og flott, vi rustar opp eit moderne tenestesenter midt i sentrum, hotelltomta får ei etterlengta opprusting med nye leiligheiter, og vi skal i gong med ny kollektivterminal som vil skapa eit langt finare og meir oversikteleg gatebilette i den øvre delen av sentrum. Eg synes det er givande å få vera med på ei betydeleg oppgradering av Husnes sentrum. Særleg spanande er også planane om ny idrettshall, denne vil gje eit viktig bidrag til at Husnes vert staden der små og store kjem saman i aktivitetar og opplevingar. Det må også vera eit viktig mål at Husnes vert ein stad for fleire enn kvinnheringane. Ved å skapa eit særprega regionsenter som fleire vil reisa til, vil vi få eit sterkare og rikare sentrum. Vi må også våga å tenka annleis om framtida enn vi før har gjort: Utviklinga går fort, og klarar vi sjå korleis den nye digitale og grønne framtida blir, kan vi skapa eit regionsenter som ligg i framkant av utviklinga.

Skal vi lukkast med regionsenteret Husnes er vi avhengig av innbyggjarane sitt engasjement. Husnes skal vera vårt regionsenter. Det er frå dykk som bur her vi kan få ideane og ynskja om Husnes si framtid. Dei beste ideane vert ikkje tenkt ut bak eit skrivebord, dei kjem frå alle dei som saman skal bruka regionsenteret. Eg håpar de tek i mot Kvinnherad kommune sin invitasjon med dette planprogrammet og deltar med engasjement i utviklinga av Husnes.

Peder Sjø Slettebø

Ordførar

## Innholdsfortegnelse

Mandat og organisering av arbeidet med planprogrammet .....	3
Føremål med planprogrammet – kvifor lagar vi planprogram for planarbeidet?.....	5
Planstatus i dag, rammer og føringar .....	5
Omland og reisetid til og frå regionsenteret.....	6
Klima, energi og miljø i eit Smart City-perspektiv .....	7
Gjennomført medverknad – utveljing av plantema .....	8
Valde plan-tema .....	9
1. Digitalisering.....	9
2. Kommunikasjonar.....	9
3. Næringsutvikling og sysselsetjing.....	12
4. Bustadbygging .....	13
5. Møteplassar, arkitektur og urbane kvalitetar .....	15
Arkitektur og urbane kvalitetar .....	15
Møteplassar.....	17
6. Kultur, turisme, idrett, friluftsliv og rekreasjon.....	17
Kultur .....	17
Turisme.....	17
Idrett, rekreasjon og friluftsliv.....	18
Aktuelle problemstillingar .....	18
Planprosess og opplegg for medverknad for sjølve planen .....	19
Organisering .....	19
Vidare framdriftsplan .....	20
Medverknad .....	20
Flytskjema.....	21
Kjelder .....	21


## Mandat og organisering av arbeidet med planprogrammet

20/8.2015 gjorde formannskapet i Kvinnherad vedtak om å vidareutvikla regionsenteret Husnes. Det vart bestemt at prosjektet skulle gjennomførast som eit planprogram for ein temaplan. Planprogrammet vert utarbeidd i samsvar med plan og bygningslova § 4-1, Planprogrammet er ein «plan for planen», eit dokument der ein finn føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og trong for utgreiingar. Sjølve planen for Regionsenter Husnes er tenkt som ein temaplan heimla i Plan og bygningslova § 11-1.

Prosjektet ligg under samfunnsutvikling i kommunen. Planprogrammet vert utarbeidd i breitt samarbeid med interesserte innbyggjarar, ulike kommunale instansar og Kvinnherad næringssservice.

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Kommunestyret
<b>Prosjekteigar:</b>	Rådmannen
<b>Styringsgruppe:</b>	Kvinnherad formannskap
<b>Prosjektleder:</b>	Kommunalsjef Gunn Tove Petterteig Plankontoret v/Harald Maaland og Kjartan Thoresen
<b>Prosjektgruppe</b>	Kommunalsjef Gunn Tove Petterteig, Plankontoret, Teknisk og Miljø og Kvinnherad Næringssservice
<b>Referansegruppe:</b>	Husnes Vekst, Rosendal Utvikling, Uskedalen Utvikling, Politiet, Hordaland Fylkeskommune v/ tannhelsetenesta og Kvinnherad vidaregåande skule, eldrerådet og rådet for dei funksjonshemma, Helse Fonna, Hydro Husnes, idrettslaga Trio, Rosendal og Halsnøy, og kvinnherad kultursenter

Arbeidet med planprogrammet starta våren 2017, og gjennom året vart det arrangert eit folkemøte, gruppearbeid og ei undersøking for å forankra planarbeidet hos innbyggjarane, sikra engasjement og ta med viktige moment inn i det vidare planarbeidet (sjå vedlegg: samandrag av spørjeundersøkinga og gruppearbeida). I tråd med Plan og bygningslova § 5-2 vert forslaget til planprogram fastsett etter vedtak i kommunestyret og sendt på minimum 6 vekers høyring og offentleg ettersyn. Samstundes vert det varsla om kommunen eventuelt tek fatt på arbeidet med sjølve planen.



## Føremål med planprogrammet – kvifor lagar vi planprogram for planarbeidet?

Føremålet med planprogrammet er å setje fokus på og prioritera kva som skal vera dei viktigaste oppgåvene i temaplanen. Ved å fokusera på det vi meiner er viktigast vil planarbeidet gå lettare og vi vil vita kor ein skal setja fokus. Planprogrammet skal strukturera planprosessen, sikra brei medverknad, avklara kva tema ein skal fokusera på og kva utgreiingar som skal gjerast.

Eit breitt engasjement blant innbyggjarane vil hjelpa oss i arbeidet med å plukke ut sentrale område som skal planleggjast vidare. I prosessen med å laga planprogrammet har det kome fram fleire tema som er omtala og føreslege vidare planlagt.

Tema som er kome fram er samanfatta slik tabellen i vedlegg: Samandrag av spørjeundersøkinga og gruppearbeida, viser. Vidare er tabellen sendt på høyring til dei ulike referansegruppene og dei har fått høve til å gje innspel på innkomne forslag.

### Føremål med planprogrammet:

Planprogrammet skal velje ut tema og problemstillingar som skal svarast på i sjølve planen.


## Planstatus i dag, rammer og føringar

Hordaland fylkeskommune vedtok 10.12.2014 «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» Her vart Kvinnherad fastsett som eigen region med Husnes som regionsenter. Planen har eit hovudmål som seier: « *Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvennleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.* » Gjeldande reguleringsplanar spelar godt på lag med fylkeskommunen sin plan om attraktive senter. Detaljreguleringsplan for byen Husnes (2012) har som overordna mål at «Husnes skal ha ei bymessig utvikling. Det skal leggjast til rette for ein by som inviterer til etablering av nye verksemder, er attraktiv å bu i og attraktiv å besøke. Eit inkluderande sentrum med eit mangfald av aktivitetar og møteplassar.» I tillegg til desse to planane finst fleire eksisterande planar og føringar som verkar inn på arbeidet med regionsenteret Husnes. Her er dei viktigaste:

- Kommuneplan for Kvinnherad, arealdel (2018)
- Planstrategi 2015-2019
- Områdereguleringsplan for skuleområdet Husnes (2015)
- Reguleringsplan for Opsangervegen (2010)
- Stadanalyse for Husnes (2009)

- «Eit vakrare Husnes. Visjon, analyse og retningslinjer for utvikling på Husnes» (2006)
- Bustadplan (2017)
- Klima- og energiplan for Kvinnherad kommune (2011)

## Omland og reisetid til og frå regionsenteret



Blått felt viser befolkning som bur innan 15 min. (venstre) og 30 min. (høgre) køyring frå Husnes.

Kvinnherad kommune har 13160 innbyggjarar i 2018. Av desse bur om lag 8300 personar innan 15 minuttars køyretur frå Husnes sentrum, det utgjer 63% av det totale innbyggjartalet. Om lag 11600 personar bur innan 30 minuttars køyring frå Husnes, då inkluderer ein altså Rosendal og bygdene rundt, og dekkjer totalt 88% av innbyggjarane i kommunen. (Kjelde: Norkart Befolkningsklient)


Kriteria for utveljing av regionsenter i Hordaland var mellom anna at det skulle vera eit omland på minimum 10 000 innbyggjarar og at innbyggjarane skulle nå senteret innan ca. 1 times køyring. Her er altså Husnes som regionsenter godt innanfor.

Den geografiske fordelinga av innbyggjarane innanfor 30 minuttars køyring frå Husnes er som karta syner konsentrert rundt Husnes, Sunde, Valen og Sæbøvik i den sørlege delen, og bygdene Rosendal og Uskedalen i den nordlege delen. Dei stadane som har opplevd noko folkeauke ligg i hovudsak på kyststrekka Valen-Rosendal. Her har innbyggjartalet halde seg relativt stabilt dei seinare åra, med ein liten auke i nokre av bygdene. Generelt for heile kommunen har folketalet lenge vore stabilt, med ein liten nedgang, og ein ventar at denne

trenden held fram dei neste 20 åra. Når det gjeld befolkningsamansetninga i Kvinnherad er kommunen prega av at delen eldre aukar medan barnetalet går ned, og ein ventar at dette vil halda fram. Innanlands netto fråflytting frå Kvinnherad vert i nokon grad kompensert med tilflytting frå utlandet, men delen innvandrarar er lågare i Kvinnherad enn elles i landet. (kjelde: Hordaland Fylkeskommune).

I sum vil ein sjå at Husnes som regionsenter med omland ikkje kan venta noko særleg vekst i folketalet om tilhøva elles ikkje endrar seg. Samstundes er det fleire viktige faktorar som kan endra dette biletet, mellom anna endra flyttestraumar, betre kommunikasjonar og auka etterspurnad etter arbeidskraft i Kvinnherad.

## Klima, energi og miljø i eit Smart City-perspektiv



(Kjelde: Raja Moorthy, Valley Fortify, India)

Smart City-omgrepet har ein miljøprofil som bør underbyggje og gjennomsyre all aktivitet i «by»-senteret.

Omgrepet Smart City er eit omgrep som er for mange noko «svevande». Mange kommunar og byar har arbeida med konseptet og er stort sett einige om at **energi, teknologi, mobilitet** og **medverknad** er bakt inn i omgrepet.

**Energi** rettar seg mot ein ide for innovative og lokale løysingar i sentrum. Det kan t.d. vera varmepumpeløysing som brukar grunnvatn/ jordvarme, eller det kan t.d. vera elektriske køyreanordningar i sentrum.

**Teknologien** skal integrerast i ulike tekniske løysingar som skal hjelpa innbyggjarane til å få god informasjon om t.d. kapasitet. Eit døme på dette kan vera oversikt over ledige parkeringsplassar, kor tid neste buss går eller gode tilbod i butikkane.

**Mobilitet** kan vera ein stor utfordring i Kvinnherad. Vi er vante med å bruka bil til kor vi skal. I Smart City konseptet har utslepp av CO2 og fossilt brennstoff eit stort miljøfokus. Kollektivtransport og el køyrety er gode alternativ i områder med tett folkesetnad. Sykkel er eit miljøvennleg transport middel som kan nyttast meir. Kvinnherad kommune er ein langstrakt kommune der hovudvegen gjennom kommunen er rimeleg flat. Dette gjer at sykkel kan vera eit godt alternativ til transport til jobben for dei som ynskjer dette. I vidare planarbeid kan vi gå inn på kva faktorar som kan stimulera til at sykkel blir meir brukt som framkomstmiddel.

**Medverknad** i utforming av senterfunksjonen kan stimulera til at folk meiner noko, og at det kjem til uttrykk. Det kan igjen ha ringverknadar ved at innbyggjarane kjenner tilhørsle og eigarskap til senteret. Medverknad er viktig for at demokratiet skal fungera. Folkevalte har sagt i kommunestyret at det er innbyggjarane som må fremja og jobba fram det vi skal fylla regionsenteret med.

## Gjennomført medverknad – utveljing av plantema

I Mai, juni og juli vart det gjennomført ein digital spørjeundersøking med heile 30 opne spørsmål (Vedlegg: Spørjeskjema). Spørsmåla var i stor grad henta frå andre kommunar som hadde jobba med regionsenterfunksjon og ville involvera innbyggjarane. Det kom inn 67 svar som er samanfatta (Vedlegg: Samandrag av spørjeundersøkinga og gruppearbeida). Deretter inviterte kommunen til eit ope folkemøte 16 August 2017 der vi hadde 2 føredragshaldarar. Første føredraget var ved Dag Jørund Lønning, som er Rektor ved Høgskulen for landbruk og Bygdeutvikling med spesialkompetanse på nyskaping som fenomen. Fokuset hans var på identitetsbygging/ nyskaping- moglege implikasjonar og potensial for bygdesamfunn. Andre føredragshaldar var, Agnes Vevle Tvinnereim, frå Bærekraftig Liv på Landås. Eit fantastisk engasjement der eit par eldsjeler har starta noko som blir lagt merke til på verdsbasis. Dei sjølv seier: Bærekraftige liv er en bevegelse av nabolag der vi får store ting til å skje. Vi løftar kvarandre ut av handlingslamming og inspirerer til eit liv verdt å leve for deg, dei andre og kloden.

Det stilte opp vel 60 personar på dette folkemøtet. Dei som ville bli med vidare sette seg opp på ei e-post liste og blei invitert med vidare til gruppearbeid som tok utgangspunkt i Smart City rammeverket og innkomne svar frå spørjeundersøkinga.

Vidare vart det arrangert 2 kveldar med gruppearbeid for dei som hadde satt seg opp på e-post lista og det var open invitasjon som var annonsert på KNS sine nettsider.

(<http://naeringsservice.no/regionsenter-husnes/>)

Gruppearbeida blei strukturert ved at vi starta med å sei noko om kva vi har i kommunen og deretter sei noko om kva ein meinte vi hadde bruk for, for å styrka kommunen sitt regionsenter. Deretter gjekk diskusjonane livleg til langt på kveld. Gruppearbeidet og svara frå spørjeskjemaet blei samanfatta og sendt ut til referansegruppene som fekk frist til 12 januar 2018 med å koma med sine vurderingar. Resultatet er samanfatta i vedlegg: Samandrag av spørjeundersøkinga og gruppearbeida.



## Valde plan-tema

Følgjande tema under har gjennom gruppearbeida og spørjeskjemaet peika seg ut som viktige for å utvikle regionsenteret

1. Digitalisering
2. Kommunikasjonar
- 3 .Næringsutvikling og sysselsetjing
4. Bustadbygging
5. Møteplassar, arkitektur og urbane kvalitetar
6. Kultur, turisme, idrett, friluftsliv og rekreasjon

## 1. Digitalisering

Aktuelt:

I alle dei kreative prosessane var nettilgang og digitalisering eit tema. Ungdommen er vant med å bruka nett til alt dei ville ha opplysningar om. Dette er eit stort emne i Smart City modellen og vil vera noko Kvinnherad kommune kan skilja seg frå dei andre regionsentera med.

Noreg er truleg den nasjonen som er komen lengst i å digitalisera sine tenester.

Digitalisering er miljøvennleg så lenge vi brukar fornybar energi til straumkjelde. Nokre har kome langt i å finna nye energikjelder (t.d. solcelle, varmeutveksling m.m.), men her ligg truleg stort potensial i resirkulering og effektivisering.

Kvinnherad kommune har no skrive under ein intensjonsavtale med Greensight som er eit rådgjevande analyseselskap, som jobbar med å få fart på det grønne skiftet. Ved hjelp av balansert og teknologinøytral informasjon kan lønnsame prosjekt realiserast. Kvinnherad kommune har fått økonomisk støtte for at selskapet skal gjennomføra eit slikt innsiktsstudie. Føremålet med studiet er å etablera ein overordna grøn visjon for kommunen og koma med forslag til konkrete grønne prosjekt spesielt knytt til utvikling av Husnes som regionsenter. Dette kan bli eit godt grunnlag vidare i planarbeidet.

### Aktuelle problemstillingar:

Korleis skal vil finne konkrete miljøvennlege og smarte digitale funksjonar og løysingar for regionsenteret?

Korleis kan Greensight sitt arbeid vidareutviklast og takast med i miljøprofilen til Kvinnherad kommune og Husnes Regionsenter?

Korleis skal ein aktivt nytta klima- og energiplanen til kommunen?

Kan samarbeid med sentrumsforeininga for å fremja digitalisering i handlesenteret?

Kva digitaliseringsverty er mest aktuelle for regionsenteret?

## 2. Kommunikasjonar



Foto: Harald Maaland

Situasjonen i dag er at Husnes som regionsenter er særst prega av bilbruk. Dette gjeld både til og frå regionsenteret og den interne kommunikasjonen i sentrum. Bilbruken gir utfordringar både med tanke på lokalmiljø, klimautslepp og folkehelse. Innbyggjarane etterlyser ei betre løysing for fotgjengarar og syklistar på Husnes. (sjå vedlegg: Samandrag av spørjeundersøkinga og gruppearbeida) Kommunen er i gong med å møte desse utfordringane, mellom anna gjennom:

- Etablering av ei miljøgate mellom sentrum og Opsangervatnet.
- Ny gang og sykkelveg som knyt saman Husnes, Sunde og Valen.
- Moglegheitsstudie for trafikknutepunkt og effektiv, miljøvennleg transport i regionsenteret Husnes.
- Moglegheitsstudie for gang- og sykkelveg i og rundt Husnes sentrum.

Om lag ein kilometer frå Husnes sentrum ligg fleire av dei viktigaste offentlege tenestene geografisk samla, innan oppvekst, helse- og omsorg. Dette gir nokre særlege utfordringar i den interne kommunikasjonen mellom dette området og sentrum.

I «Kvinnheradpakken» satsar kommunen på effektive og trygge vegar på utvalde strekkjer i heile kommunen. Der ligg der òg ei rekkje trafikksikringstiltak for fotgjengarar og syklistar.

Når det gjeld den eksterne kommunikasjonen er ein i gong med ein plan for innkorting av ferjesambandet Kvinnherad-Stord slik at Kvinnherad vert knytt tettare saman med resten av Sunnhordland. Om ein vil reise kollektivt er snøggbåten frå Sunde det raskaste alternativet å kome seg til Stord og Bergen, men denne har likeeins med bussen eit avgrensa tal avgangar per dag. Bussforbindelsen internt i kommunen er blitt betre dei siste åra, men truleg ikkje god nok for å kunne nytte bussen som eit reelt alternativ til bil i kommunen.

**Aktuelle problemstillingar:**

- Korleis skal ein organisere bussruter innad i kommunen?
- Kor stor del av biltrafikken i regionsenteret er intern?
- Korleis kan ein få fleire til å gå, sykle og ta buss innad i regionsenteret?
- Kva må til for å knytte sentrum betre saman med tenestene skule/helse/omsorg?
- Korleis kan ein få fleire til å velje kollektivt når dei reiser til Husnes?
- Korleis skal ein planleggje parkeringsareal?
- Korleis kan ein få effektiv, miljøvenleg og trygg varelevering i sentrum?
- Korleis kan ein sikre effektiv kommunikasjon mellom regionsenteret og Stord, Bergen, Stavanger og Oslo?
- Kva må til for å få eit funksjonelt senter for gåande og syklende?

# Irriterer du deg over trafikken i Husnes sentrum?



Lonabrot-krysset er ein av plassene i Husnes sentrum der det til tider rådar kaos blant bilar og fotgjengarar. Koriels bør det vera i framtida? Har du innspel bør du stilla på det opne møtet på tysdag. (Arkivfoto).

Av Mona Grønningen

19. februar 2018, kl. 07:00

Då bør du møta opp på dialogmøtet førstkommande tysdag kveld i Kulturhuset Husnes og komma med dine innspel.

## 3. Næringsutvikling og sysselsetjing

Kvinnherad har eit mål om å auke folketalet. Eit av dei mest relevante vilkåra for å få folk til å koma heim/ flytta til Kvinnherad er relevant arbeid. Ungdommen får høgare utdanningsgrad no enn tidlegare og det krev kompetansesarbeidsplassar. Av arbeidsplassar i Kvinnherad kan vi nemna at har vi mange grunnskular, Kvinnherad vidaregåande skule, Helse Fonna Psykiatriske sjukehus, Hydro Husnes, helsesenter, sjukeheimane, tannklinikkar, kommuneadministrasjon som dei største arbeidsplassane. I tillegg har vi sjølvsagt mange andre mindre bedrifter som er viktige i denne samanhengen.

Det er og samheng mellom arbeid og mulighet for kommunikasjon til og frå by. Kvinnherad kommune ligg mellom 3,5- og 3 timar i reisetid frå Bergen. Jo kortare reisetid, jo meir truleg er det for at folk kan bu i Kvinnherad og arbeida i Bergen/ Haugesund/ Stord. Arbeidssituasjonen har endra seg dei siste åra. Vi kan no gjera mange ting heime i eiga stove og likevel ha ein arbeidsgjevar ute i verden ein stad.

Det er viktig at kommunen er *framoverlent* og kan tidleg fanga opp utviklingstrendar. Innovasjon, teknologi og vera med når nye utviklingstrendar viser seg kan ha konkurransefortrinn i regionen.

Vestlandet har i mange år vore avhengig av olja både for små og større industri. I Kvinnherad har vi mange små bedrifter som leverar til oljerelatert verksemd. Om få år vil aktiviteten i oljenæringa gå markant ned, sjølv utan politisk styrt avvikling av næringa. Det blir i åra som kjem svært viktig å vera kreativ og våga seg inn på nye område. Det er allereie fleire bedrifter i Kvinnherad som har etablert seg på andre marknader.

Kvinnherad kommune er ein av dei største landbrukskommunane i Hordaland. I kommuneplan for Kvinnherad 2018 arealdelen, har ein eit delmål i planprogrammet som seier: «Leggje til rette for småskala næringsverksemdar i bygdene, gjerne knytt til gardsbruk «*Garden som ressurs*»»

Eit anna viktig tema i prosessen med planprogrammet var profilering av Kvinnherad kommune. Å fokusera på kva er det som er det særskilde/ typiske med kommunen og kvinnheringane bør ein ta med vidare i planarbeidet .

#### **Aktuelle problemstillingar:**

- Korleis kan regionen Kvinnherad tiltrekka seg fleire kompetansearbeidsplassar?
- Korleis kan regionsenteret tiltrekka seg statlege og regionale arbeidsplassar?
- Kva type næringsetableringar ynskjer vi i regionsenteret?
- Kva rolle skal regionsenteret ta i det grønne skiftet?
- Landbruket i Kvinnherad er ein ressurs både med omsyn til kulturlandskapet og lokalmat. Korleis kan regionsenteret bruke potensialet som ligg i reiseliv og lokalmat?
- Finna ut om det vil vera interesse for, og vera pådrivar for eit kontorfellesskap?

## 4. Bustadbygging

Då Husnes vart planlagt på 1960-talet følgde ein den franske arkitekten Le Corbusiers elegante prinsipp om funksjonsinndeling av byen i ulike soner for industri, bustad og offentleg og privat tenesteyting. I det store og heile er det slik Husnes framleis ser ut i eit fugleperspektiv. Men i dei nyare reguleringsplanane og for sentrum og kommuneplanen (2018) er det ein annan tilnærming som er valt. Då legg ein i tråd med «Regional plan for attraktive senter i Hordaland» i staden opp til fortetting og ein god balanse mellom handel, private og offentlege tenester, kulturtilbod og bustader i sentrum.

Husnes sentrum har godt med areal til bustadar. Arealet i og nær sentrum har plass til svært mange og planane har store reserveareal til bustadar, langt meir enn ein kan venta av framtidig vekst og tilflytting.

Gjennom Bustadplanen og ein eigen «Bustadpakke» for Husnes har Kvinnherad kommune dei siste åra teke ei aktiv rolle i å byggja ut kommunale bustader i sentrum, med eit særleg fokus på grupper som elles har vanskeleg for å koma seg inn på bustadmarknaden.

Vi ser altså at Husnes fortsatt har store, sentrumsnære bustadområder, og at ein har fått større innslag av bustadar i sentrum. Reguleringsplanane og kommunen si bustadsatsing bidreg til å få fleire bustadar i sentrum, og ein har godt med sentrumsnært areal til bustadbygging.

#### **Aktuelle problemstillingar**

- Kan bustadbygging i sentrum gjere Husnes til ein meir attraktiv stad å vere, bu og drive næring i?
- Ligg bustadareal på dei rette stadene?
- Korleis kan bustadbygging sikre at sentrum vert tett utbygd innanfor ein gangbar kjerne?
- Kva grep må til for å sikre bustadkonsentrasjon i sentrum, og ikkje utanfor?
- Korleis kan Husnes regionsenter bli eit reelt bu-alternativ for ulike grupper og livsfasar, t.d. seniortun, bufellesskap, etablerarbustadar?
- Kan plassering av bustadar for eldre i sentrum gje betre livskvalitet lenger og meir effektive kommunale tenester?
- Kva rolle skal kommunen og andre aktørar ha i bustadutbygging i sentrum?
- Korleis kan ein sikra miljøvenlege bustader i sentrum?
- Korleis sikre attraktivitet i bustadmiljø i sentrum?
- Korleis sikra at ein kan leva eit godt liv utan bil i regionsenteret?
- Korleis kan utbyggingsavtalar nyttast som verkty for å sikre at private bidrag til god byutvikling?

## 5. Møteplassar, arkitektur og urbane kvalitetar



Odessa, Ukraina.

### Arkitektur og urbane kvalitetar

Husnes har eit godt utgangspunkt for å skapa eit levande sentrum fordi ein i motsetnad til mange andre stader framleis har storparten av handelen og mykje av tenestetilbodet lokalisert i sentrum. Dei største bustadområda og arbeidsplassane er òg i gang eller sykkelavstand frå sentrum. Utfordringa til Husnes går difor meir på organiseringa av sentrumsområdet og korleis det framstår for innbyggjarar og besøkjande:

«Viss ein ser på heile Husnes sentrum, frå sør til nord, er det ikkje like lett å sjå kva som er "torget", kva som er hovudvegen, kor ein bør parkere og kor ein skal gå. Det er udefinert kva som er forsider, og kva som er baksider. Heile sona vert lese som eit flytande teppe av parkering, gangfelt, vegstumper, baksider, oppbevaring og inngangssoner til dei ulike kjøpesentra.»













#### Stadanalysen for Husnes (2009)

Desse utfordringane er allereie tatt tak i gjennom reguleringsplanar og konkrete prosjekt som bygginga av nytt kulturhus, opparbeiding av ein ny torgplass utanfor kjøpesenteret og ei ny miljøgate mellom Opsangervatnet og sentrum. Men gjennom medverknadsprosessane har det kome fram at omtalen frå 2009 framleis i stor grad er gjeldande i dag. Regional plan for attraktive senter er klar på kvifor god arkitektur er viktig:

«Omgjevnader med høg estetisk eller arkitektonisk verdi påverkar menneska som oppheld seg der og kan verke inspirerende og fremje trivsel i kvardagen. (...) Ein

føresetnad for at sentrum skal opplevast som ein levande og urban møteplass er ein relativt tett struktur. Med struktur meinast utforminga av eit system av gater, plassar, kvartal og korleis bygningar er organisert innanfor dette. God urban struktur inneber at det er lett å orientere seg og ferdast i gater, og rundt eller mellom bygningar.»

Dette er i tråd med mål i reguleringsplanen for byen Husnes:

	MÅL FOR BYEN HUSNES	IKKJE SLIK
Tilgjengelege byrom og grøntområde		
Logisk orientering for gåande		
Grøne byrom		
Aktive byrom		
Trygge møteplassar		
Aktive fasadar mot viktige gater og torg		



## Møteplassar

I dei kreative prosessane vart det haldt fram viktigheten av formelle og uformelle møteplassar. Dersom ein skal forsøka å definera omgrepa blir den formelle møteplassen ein stad der ein har eit «ærend» Det kan vera ein kinosal, eit møterom der ein er blitt kalla inn til, eit bibliotek der ein har eit oppdrag o.s.b. Den uformelle møteplassen er ein stad der ein tilfeldig møter andre utan forplikingar. I mai 2018 fekk kommunen positivt svar på ein søknad om å laga eit mulighetsstudie på ein møteplass mellom kulturhuset og biblioteket i Husnes sentrum. Dette arbeidet vil starta opp snart.

### **Aktuelle problemstillingar:**

- Kor og korleis laga uformelle møteplassar der folk kan stoppe og sitje ned «medan dei et nista si eller vil slå av ein prat»?
- Korleis kan regionsenteret bli ein stad folk oppsøker og ynskjer å opphalde seg?
- Korleis få til god integrering og eit inkluderande samfunn?
- Kan ein flytta tenester til sentrum for å bedra tilgjenge for brukarar og aktivitet i sentrum?
- Korleis kan ein sikre gode tilgjengelege byrom og grøntområde i sentrum?
- Berekraftig arkitektur?
- Kan ein snu mangelen på historisk arkitektur på Husnes til ein fordel ved å satsa på djerv, ny arkitektur?
- Skal vi ha eit sentrum tilpassa rullatorar og barnevogner, ikkje berre bilar?
- Korleis kan ein inkludera handelsstanden inn i prosessen med å skapa gode byrom?
- Korleis skapa fleire attraktive leikeplassar og aktive byrom i sentrum?
- Korleis skal ein få aktive, tiltalende fasadar mot torg og ferdsleårer?

## 6. Kultur, turisme, idrett, friluftsliv og rekreasjon

### Kultur

Husnes har kultursenterfunksjon for Kvinnherad. Sjølv kulturhuset ligg i Husnes sentrum. Her finn vi kulturskule, kino, ulike kulturarrangement i festsal og kinosalen. Biblioteket ligg like i nærleiken og det framstår som svært aktivt og kreativt. Det er ofte kulturelle arrangement som utstillingar, barneteater, lesestunder, forfattarbesøk og mindre konsertar knytt til biblioteket. Hovuddelen av alle konsertar og arrangement i kommunal regi er kanalisert til Husnes. Respondentane i spørjeundersøkinga, i gruppearbeida og tilbagemeldingane frå referansegruppene peika på at regionsenter som har slike tilbod blir ein god stad å bu i og at det skapar liv og røre.

### Turisme

Regionen Kvinnherad kommune er ein region som tiltrekker seg turisme. Baroniet i Rosendal, steinparken, nasjonalparksenteret, Klosteret på Halsnøy og no Folgefonnsenteret trekker mange tusen turistar til Kvinnherad. I Baroniet og Riddarsalen blir det arrangert

mange kulturarrangement gjennom sommaren. Det er viktig for regionsenteret Husnes at vi har eit sterkt turistreisemål i Rosendal.

Husnes manglar hotellfasilitetar for tilreisande. Dette er ei utfordring både for næringslivet og kulturlivet i senteret. Det er ein campingplass sentralt på Husnes som kan vera eit alternativ for nokre, men ikkje for alle.

### Idrett, rekreasjon og friluftsliv

Regionen Kvinnherad kommune har eit rikt organisasjonsliv og fleire av representantane i gruppearbeidet kom frå idrettslaga. Husnes er idrettssenter i Kvinnherad og kapasiteten på idrettshallane er i dag sprengt. Difor er det bra at vi er godt i gang med å få på plass ein ny idrettshall på Husnes.

Eit tema som vart drøfta var at vi må våge å tenkja stort. Store nasjonale arrangement med god omtale for kommunen vår, kunne hjelpe på å byggja omdøme og stoltheit for Husnes som regionsenter. Her peika ein på kreativitet og nytenking som t.d. å satsa på ein idrett og tilretteleggje for denne i ein ny idrettshall.

I dei kreative prosessane var folk opptatt av nok kapasitet på treningslokal og rom for breiddeidretten fordi det var viktig for den største tettstaden i Kvinnherad.

Rekreasjon og turstiar i nærområdet til Husnes er mykje i bruk. Postvegen går frå utåker til Herøysund, Kaldestadåsen, Bremstøl, Vikefjell, Fenafjell og fleire andre er populære områder. Kvinnherad har svært mange turstiar som er nytta av både lokale og tilreisande.

Dugnads arbeid, ta med naboen, flykningar m.m. var og noko som kom inn her. Gruppene sa at det må vera lett å melda seg til teneste, gjerne gjennom digitale hjelpemiddel. Det var eit ønskje om toalettfasilitetar, bord og benker der folk ferdast mykje.

Vidare planarbeid kan sjå på smarte måtar å løyse dette på, saman med næringslivet

### Aktuelle problemstillingar

Kva rolle skal kultur, idrett, turisme og frivillighet ha i regionsenteret?  
Korleis kan vi styrke rolla til Kvinnherad kultursenter?

(Kan ein sjå på kultur, idrett, turisme, rekreasjon og friluftsliv under same paraply?)

-Skal ein jobba for å få fleire store idrettsarrangement til Husnes?


-Skal ein nytta idrett, kultur og frivillighet til å profilera regionen Kvinnherad?

-Rekreasjon og friluftsliv er god folkehelse. Korleis kan ein gjera turområda i og rundt Husnes meir nytta?

-Frivillig arbeid og inkludering er god folkehelse. Korleis kan ein styrka dette arbeidet i regionsenteret?

## Planprosess og opplegg for medverknad for sjølve planen

### Organisering



<b>Oppdragsgjevar:</b>	Kommunestyret
<b>Prosjekteigar:</b>	Rådmannen
<b>Styringsgruppe:</b>	Kvinnherad formannskap
<b>Prosjektleder:</b>	Kommunalsjef Gunn Tove Petterteig Plankontoret v/Harald Maaland og Kjartan Thoresen
<b>Prosjektgruppe</b>	Kommunalsjef Gunn Tove Petterteig, Plankontoret, Teknisk og Miljø og Kvinnherad Næringservice
<b>Referansegruppe:</b>	Husnes Vekst, Rosendal Utvikling, Uskedalen Utvikling, Politiet, eldrerådet og rådet for dei funksjonshemma, Helse Fonna, Hydro Husnes, Idrettslag Trio, Rosendal og Halsnøy, Tannhelsetenesta og Kvinnherad vidaregåande skule. Kvinnherad kultursenter

## Vidare framdriftsplan

Ansvar	Handling	Tid
Formannskapet og kommunestyret	Vedtak oppstart planprogram	Sep. 2016
Formannskapet	Val av konseptet «Smart City» for regionsenteret	Des. 2016
Formannskapet	Godkjenning prosjektplan	Sep. 2017
Prosjektgruppe	Medverknadsmøter, verkstader og innspel.	Sep. 2017- feb. 2018
Kommunalsjef Petterteig og plankontor	Utarbeiding forslag planprogram	Feb. – jun. 2018
Formannskapet og kommunestyret	Vedtak høyring planprogram	Jun. 2018
Kommunalsjef Petterteig og plankontor	Handsaming merknadar	Jul.-aug. 2018
Formannskapet og kommunestyret	Vedtak planprogram. Evt. vedtak oppstart plan.	Sep. 2018
Prosjektgruppe	*Medverknad. Innarbeiding innspel frå undersøking, verkstadar og folkemøter.	Okt. 2018 – des. 2018
Kommunalsjef Petterteig og plankontor	*Utarbeiding forslag plan. Innarbeiding innspel og kunnskap frå rapportar og moglegheitsstudiar	Des. 2018 – apr. 2019
Formannskapet	*Vedtak høyring planforslag	Apr. 2019
Formannskapet, Kommunalsjef Petterteig og plankontor	*Handsaming merknadar	Jul. – aug. 2019
Kommunalsjef Petterteig og plankontor	*Utarbeiding plan, innarbeiding merknadar	Jul. – sep. 2019
Formannskapet og kommunestyret	*Vedtak plan	Sep. 2019


\*Forsatt at det vert vedteke å lage plan.

## Medverknad

I arbeidet med planprogrammet har det vore gjennomført folkemøter, nettbaserte undersøkingar og føredrag for å få til god medverknad. Det blir lagt opp til tilsvarende opplegg for medverknad i arbeidet med sjølve planen. Før innspelsfasen vil det bli invitert til

diskusjonar og medverknad gjennom nye folkemøter og presentasjon av planarbeidet på nett. Gjennom og etter høyring av planen vil det bli også sjølvstgt bli opna for merknadar til planen.

## Flytskjema



## Kjelder

Planprogram, Samfunnsdelen, Kommuneplan for Volda kommune

Planstrategi 2015-2019

Kommuneplan for Kvinnherad, arealdel (2018)

Områdereguleringsplan for skuleområdet Husnes (2015)

Reguleringsplan for Opsangervegen (2010)

Bustadplan (2017)

Klima- og energiplan for Kvinnherad kommune (2011)

Reguleringsplan for byen Husnes

Smart City: Raja Moorthy, Valley Fortify, India

Stadanalyse for Husnes (2009)

«Eit vakrere Husnes. Visjon, analyse og retningslinjer for utvikling på Husnes» (2006)